
Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: 11. april 2016 12:46
Til: Postmottak Meland
Kopi: postmaster@navar.no
Emne: Fossemyra. Fotballhall. Gbnr 24/58 m. fl.
Vedlegg: Hall - tilbudsoverslag- forslag -Meland Aktiv Beregning.pdf; kart NGS Layout1 (1).pdf; Isometriske parallellskisser 290316.pdf

Med utgangspunkt i vedlagte skisser for fotballhall vil ein be om ein førehandskonferanse.

Hallen (50 x 70,4 m) er på vedlagde kart plassert i flukt med austre langsida og 1 m frå søre kortsida til eksisterande bane.

Dersom hallen vert lagt med grunnplan på +45 kjem «mønet» på +58, noko lågare enn mønet på den eksisterande hallen (+59,46).

Ein reknar med at det ikkje er aktuelt å iverksetja ein særskild planprosess med endring av heile den gjeldande reguleringsplanen – som i hovudsak er gjennomført – med det same gamle planområdet.

Spørsmålet er om det kan tillast at det vert plassert ein hall på eksisterande baneområde. Føremålet (idrett) vert uendra.

Prosjektet vil truleg best kunna handterast gjerast med ein rammesøknad (for hallen) kombinert med enten a) ei planendring (avgrensa til den nye hallen) eller b) ein dispensasjon frå gjeldande plan (eller dispensasjon frå plankrav). Då får ein same nabosituasjonen for byggjesak og dispensasjonssak / eventuell planendring, og kan rasjonalisera nabovarslinga i eit samordna opplegg, kombinert med nabodialog og framforhandling av avtalar om erverv av tilleggsareal eller inngrep utan erverv, på naboeigedom (18/31, på vestsida av hallen).

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55 59 82 62
mob 907 88 921